



Promenaden Eiendom AS
Kvernhusmyrane 7
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/19 - 18/11517

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

10.04.2018

Etterlyser årsrapport for fettutskiljar - gbnr 188/534 - Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport for fettutskiljar anlegg ved - gbnr 188/348 med adresse Kvernhusmyrane 29. Frist for innsending av rapport var 01.02.2018.

Som abonnent på avløpstenester i Lindås kommune er Promenaden Eigedom AS ansvarleg for at det vert sendt inn dokumentasjon på utskiljaranlegg ved Promenaden. Dokumentasjon skal vise at anlegg tilfredsstillar krav til utslepp. Som grunneigar er Promenaden Eiendom AS juridisk ansvarleg for anlegg som er knytt på kommunalt leidningsnett.

Teknisk drift ber Dykk om å få sendt inn årsrapport for utskiljaranlegg omgåande. Rapport skal ha følgjande dokumentasjon:

- Dokumentasjon på at det er gjennomført tømninger iht gitte løyve.
- **2 temperaturlogger** som viser at anlegg fungerer optimalt (under 20°C) slik at krav til fettinnhald i utsleppsvatn vert stetta. Temperaturlogg skal være utført over minst 3 døgn og når anlegg er i full drift.
- Drift og vedlikehaldsrapport for anlegg
- Kopi av tømmeavtale med godkjent tømmeoperatør.
- «As built» teikningar som viser kva som er ført på anlegg

Lindås kommune skal føre kontroll over alle utskiljaranlegg som har utslepp av fetthaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett. Det er viktig at kommunen får kontroll over anlegga slik at ein unngår utslepp av fett på kommunalt leidningsnett, pumpestasjoner og reinseanlegg. Fett som vert avsett i kommunalt nett og som vert ført til pumpestasjoner og reinseanlegg medføre store drifts- og vedlikehaldskostnader for kommunen. Dette er kostnader som kommunen må dekke via gebyr eller ved å fakturere den ansvarlege for utslepp av fetthaldig avløpsvatn.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Fett som avleirast i leidningsnett kan òg medføre at ein får tilbakeslag av fetthaldig avløpsvatn/kloakk i bygg. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje er ansvarleg for slike hendingar. Den einskilde huseigar må sjølv sørge for å få utbetra og dekke kostnaden ved slike hendingar.

Frist for innsending av årsrapport vert sett til: måndag 30.04.2018.

Vi gjer merksam på at røyrleggar ikkje har sendt inn «as built» teikningar for anlegg. Det ligg difor ikkje føre godkjent ferdigmelding for anlegg. Godkjent ferdigmelding skal, i prinsipp, ligge føre før anlegg vert teke i bruk.

Førehandsvarsel om tilsyn:

På bakgrunn av manglande rapportering av anlegg ser vi eit behov for å føre tilsyn med anlegg i kommunen. Teknisk drift gir med dette brev eit førehandsvarsel om tilsyn av utskiljaranlegg ved Promenaden. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Promenaden Eiendom AS

Kvernhusmyrane 7 5914

ISDALSTØ